

NVE  
Konsesjonsavdelinga  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

## **Høyringsfråsegn: Søknad om løyve til å bygge Kloveelva kraftverk i Eid kommune, Sogn og Fjordane**

Vi viser til høyringsbrevet dykkar av 07 .05.2015 og til sakspapira som vi har fått tilsendt av søkjar.

### **Om Sogn og Fjordane Turlag:**

Sogn og Fjordane Turlag (sjå [www.turistforeningen.no/sognogfjordane](http://www.turistforeningen.no/sognogfjordane)) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 15 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskifte: 6.081. Stårheim kraftverk ligg i Midtre Nordfjord Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://www.turistforeningen.no/midtrenordfjord/> området vert også brukt av andre Turlag.

### **Om friluftsliv i det aktuelle området:**

Vegen til Støvelsvatnet og Klovevatnet (som er drikkevannsmagasin) er ein enkel bilveg som fylgjer Kloveelva og vert kun i liten grad brukt som tursti. Konflikten dersom Kloveelva vert bygd ut vert at Klovefossen fører mykje mindre vatn og opplevinga av fossen som estetisk element vert redusert. Bilete i søknaden (vedlegg2) syner kor godt fossen er synleg frå veggen. Vatn som vert ført inn til elva frå restfeltet kan imidlertid vere tilstrekkeleg til å behalde inntrykket. Synfaring kan nok avklare litt her.

### **Kommentarer til utbyggingsplanene/turlaget sitt syn på søknaden.**

Kloveelva kraftverk

Her vert søkt om eit elvekraftverk der 295m høgde vert nytta i 2250 m langt tillaupsrør med diameter 80 cm. Røret vert gravd ned. Minstevassføring det søkjar om er lik alminneleg lågvassføring.

Utbyggingsprosjekt er beregna til kr 4,26 pr kWh ved omsøkt minstevassføring lik alminneleg lavvannføring. Produksjonen årleg middel 8,35 GWh. (7,5 GWh i Faun Naturforvaltning sitt sammendrag på side 5)

Ein registrerer slukeevne på 250%. . Turlagets reaksjon på slukeevna er som vanleg; stor slukeevne vil gje ei elv med lite røyrslø. Her er slukeevne **langt** over det som er vanleg, noko som kan ha samanheng med trongen for mykje produksjon for å kunne forsvare ein utbyggingskostnad på høge kr 4,26 / kWh, med minstevassføring lik alminneleg lågvassføring! Dersom NVE følgjer opp krav om 5 percentil vil kostnaden pr kWh ytterlegare gå opp.

I Faun naturforvaltning sin rapport er det under kapittel 6 Avbøtende tiltak argumentert med at minstevassføring lik alminneleg lågvassføring og ikkje 5 percentil på 70 liter/sek vil neppe utgjøre vesentleg forskjell. Underlagsmaterialet i elveleiet er mykje blokkmark. Om slukeevne endrast til 150% vil elva oftare få tilskot av vatn, dette ville bidra til ein meir optimal ( istadenfor den maksimale) utnytting av Kloveelva som vannressurs.

Om turinteressen i dette område er beskjedent så har likevel elva ein eigenverdi i eit økosystem. Sjølv i ein samanheng der verdien av vannkraft kanskje kan realiserast må ein også godta at ressursen vann har andre verdiar enn tyngdekrafta. Dersom slukeevna vert justert ned til 150% til 700l/sek vil naturvernutvalet v/turlaget akseptere utbyggjinga, idet ein trur at ein med ein justert utbyggjing kan ta omsyn til bærekrafta i naturen. Ein er klar over den økonomiske verknaden av dette!

For turinteressen er nok Kloveelva av mindre betydning. Bilvegen opp til drikkevannsmagasina Støvelsvatnet og Klovevatnet vert sporadisk brukt, men turvanene kan endre seg over tid og elva med sitt økosystem må heldast intakt for seinare generasjonar. Dei må ha lov til å oppdage nye eller andre verdiar ved elva som vi har oversett. Dette kan ein oppnå ved redusert slukeevne.

Venleg helsing  
for SOGN OG FJORDANE TURLAG  
Naturvernutvalet

Ron Overdevest (sign.). Grinde den 20 august 2015